



# Styremøte

---

## Tid og stad:

Onsdag 28. oktober 2015 kl. 1800 i klubbhuset.

## Saksliste:

1. Innbrotssaken
2. Hjartestartar
3. Nissemarsj
4. Klubbhusprosjektet
5. Eventuelt

## Desse var til stades:

Leiar	Anne Bjørg Bringsvor
Nestleiar	Endre Vorren
Sekretær	Eirik Voksøy Bringsvor
Kasserar	Svein Helge Bringsvor

Styremedlem Knut Olav Skare var ikkje til stades.

## Referat:

**Sak 1:** Ingen progresjon i tilbakebetaling frå den skuldige. Konfliktrådet går tilbake til politiet med saken. ABB få oppklaring i om vi får utbetalt dei 4 500 kronene som manglar. Dette utgjer om lag halvparten av den totale summen som skulle betalast.

**Sak 2:** Vi går inn for å vere med på speiselag for kjøp av hjartestartar. Denne skal vere bestilt, og kjem på 30 000 kroner.

**Sak 3:** Invitasjon til å arrangere nissemarsj. Mellom 15. november og 31. desember. Vi prøver i romjula, som i fjor. EV og ABB tek seg av dette.



**Sak 4:** Det er usikkert om vi kan søkje spelemidler til treningsutstyret/-apparata – ABB skaffar ny tilgang til “SportAdmin”, der søknad skal leggst inn – vi veit truleg meir om søkekriteria etter det. EVB og SHB gjer deretter det som eventuelt kan gjerast.

EV kontaktar Sande Næringsforum om alt er i orden for handsaming av søknaden vår på novembermøtet i SN. Let dei også vite at vi er klar over Gjerdsvika-saken, der dei har fått støtte til innvendig byggematerial til sitt treningsstudio.

Vi avventar å bestemme kva vi skal velje av tilboda på treningsutstyret til etter det er avklart om vi får RDA-midler.

**Sak 5:** Fotballavslutning fredag 13. november, truleg på Dollstun. Tare Cup i Sunnmørshallen laurdag 7. november for alle tre laga.

Mobilinnsamlinga er no ferdig, og dei innsamla telefonane vert sendt inn. Truleg vert det eit par-tre tusen kroner på oss.

Neste styremøte vert tysdag 8. desember kl. 1800, i klubbhuset. ABB sender ut påminning veka før.

Møtet var slutt kl. 19.30.